

Nordhordland kursregion

For kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Kompetanseplan for Nordhordland kursregion 2017 – 2020, barnehagesektoren

Den regionale barnehagegruppa i Nordhordland er sett saman av ein styrerepresentant, ein representant frå kvar av dei 8 kommunane og regionssekretær. Arbeidsgruppa samarbeider om å halde ved like og vidareutvikle kompetansen til heile personalet i barnehagane i regionen og er elles eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremje ei god fagleg utvikling på barnehageområdet.

Dei tre neste åra vil ein samarbeide om desse tiltaka:

Pedleing og barnehagen som lærande organisasjon	Eit godt språkmiljø for alle barn	Danning og kulturelt mangfald	Barn med særskilde behov
Vaksenrolla	Vaksenrolla	Vakserolla	Vaksenrolla
Leiken	Leiken	Leiken	Leiken
	Matematikk /real FAG		
Sosial kompetanse	Sosial kompetanse	Sosial kompetanse	Sosial kompetanse
		Mobbing / gleding	
Lærande nettverk	Dialogisk lesing		

Den regionale planen må brukast differensiert frå kommune til kommune slik at dei regionale tilboda kan kombinerast med dei kommunale planane.

Det er eit ønskje frå den regionale barnehagegruppa at følgjande spørsmål vert tatt opp i NKR sitt styre:

Korleis kan kommunana utvikle ein praksis som oppfyller intensjonen i Meld.St.19? Her tenkjer gruppa særleg på overgang barnehage / skule og gjensidig hospitering.